

FAUSKE KOMMUNE

SAKSPAPIR

	JournalpostID: 12/2066	
	Arkiv sakID.: 12/544	Saksbehandler: Line Kristiansen
Sluttbehandlede vedtaksinstans: Kommunestyre		
Sak nr.: 076/12	FORMANNSKAP	Dato: 23.04.2012

EIENDOMSSKATT 10 ÅRSTAKSERING AV BOLIGEIENDOMMER

Vedlegg: Lov om eiendomsskatt til kommunane

Sammendrag:

Fauske kommune skriver ut eiendomsskatt i områder utbygd på byvis samt verker og bruk. Alminnelig taksering foregår hvert 10. år, med mindre kommunestyret under særegne forhold beslutter at ny taksering skal finne sted tidligere. Under særegne forhold kan også kommunestyret beslutte at taksering først skal finne sted senere, dog ikke over 3 år fra den tid da alminnelig taksering ordinært skulle vært avholdt.

Det er nå 10 år siden forrige alminnelige taksering i vår kommune og ny alminnelig taksering skal nå gjennomføres. I den forbindelse utreder Finansdepartementet nå lovendringen.

Finansdepartementet utreder i disse dager om kommunene skal få bruke ligningsverdiene på boliger som basis for eiendomsskatten. Alle boligeiere skulle i fjor innrapportere boligstørrelse, så nå sitter staten på et register med boligverdier for alle adresser i hele landet.

Lovforslaget er sendt på høring, med høringsfrist 26.06.2012.

Saksopplysninger:

Bakgrunnen for at kommunen skal kunne benytte ligningsverdi (formuesverdi) er at det forenkler arbeidet for kommunen, og sparer kommunen for kostnader.

Slik Rådmannen ser det er det usikkert om det blir vedtatt at kommunene kan bruke ligningsverdien på boligene. Rådmannen har heller ikke mulighet til å si noe om den økonomiske konsekvensen av å bruke ligningsverdien i forhold til slik verdien på boligene fastsettes i dag. Dette kan administrasjonen utrede i løpet av 2013 og ny sak kan fremmes høsten 2013, under forutsetning av at lovforslaget vedtas.

Bruk av formuesverdier vil gjelde kun for boliger, ikke verdifastsettelse for andre type eiendommer – slik administrasjonen har forstått forslaget.

Saksbehandlers vurdering:

Reglene er slik hvis Fauske kommune nå foretar en 10-årstaksering av alle boligeiendommer så skal denne i hovedsak stå i 10 år før takseringsgrunnlaget kan endres. Alle boligeiendommer skal behandles likt innenfor disse 10 årene. Vi vil da ikke kunne bruke ligningsverdi som verdifastsetting før i 2022.

Det å vedta en utsettelse av 10-årstakseringen vil si at vi viderefører den takstmåten som er gjeldende i dag, og at takseringer av eiendommer gjøres slik som det har vært gjort de 10 siste årene. Dette er innenfor lovens krav, og kommunen kan foreta en vurdering om hvilken verdivurdering som skal benyttes når de økonomiske konsekvensene er utredet.

INNSTILLING :

Den alminnelige 10-årstakseringen av boligeiendommer utsettes i 2 år, og gjennomføres i 2014.

Even Ediassen
Rådmann

LOV 1975-06-06 nr 29: Lov om eigedomsskatt til kommunane [eigedomsskattelova].Skriv ut 

DATO: LOV-1975-06-06-29
DEPARTEMENT: FIN (Finansdepartementet)
PUBLISERT: ISBN 82-504-1255-9
SIST-ENDRET: LOV-2011-12-09-47 fra 2012-01-01
ENDRER:
SYS-KODE: BG28
NÆRINGSKODE: 911
KORTTITTEL: Eigedomsskattelova.

[Sentrale forskrifter](#)**INNHOLD**

Lov om eigedomsskatt til kommunane [eigedomsskattelova].

1. kapitlet. – Kva lova gjeld.
 - § 1. Eigedomsskatt til kommunane vert utskriven etter reglane i denne lova.
 - § 2. Kommunestyret avgjer om det skal skrivast ut eigedomsskatt i kommunen.
 - § 3. Kommunestyret kan skrive ut eigedomsskatt på anten...
2. kapitlet. – Skattepliktige eigedomar.
 - § 4. Eigedomsskatt vert skriven ut på dei faste eigedomane ut frå tilhøva den 1. januar i skatteåret.
 - § 5. Fri for eigedomsskatt er...
 - § 6. (Oppheva med lov 15 mai 1992 nr. 45.)...
 - § 7. Kommunestyret kan fritaka desse eigedomane heilt eller delvis for eigedomsskatt:...
3. kapitlet. – Skattegrunnlaget.
 - § 8. Eigedomsskatten skal reknast ut etter verdet (taksten) som eigedomen vert sett i ved likninga året før skatteåret.
 - § 8A. Reglar om kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt for kraftanlegg
 - § 8A-1. Kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt for kraftanlegg sett i drift pr. 1. januar 2000
 - § 8A-2. Kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt for kraftanlegg sett i drift etter 1. januar 2000
 - § 8A-3. Kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt som verdsetjingsreglar ved utskriving av eigedomsskatt
 - § 8A-4. Gjennomføringsreglar
 - § 9. Vert ein eigedom riven eller øydelagd før 1 januar i skatteåret, skal det gjevast eit førebels frådrag i skatten etter skjøn.
4. kapitlet. – Skattesatser.
 - § 10. Kommunestyret fastset kvart år i samband med budsjettet kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for...
 - § 11. Eigedomsskatten skal vera minst kr 2 og ikkje meir enn kr 7 for kvar kr 1.000 av takstverdet.
 - § 12. Kommunestyret kan fastsetja ulike skattøyre for:...
 - § 13. Første året det vert utskrive eigedomsskatt i ein kommune, må skatten ikkje vera større enn kr 2 av kvart kr 1.000 av takstverdet.
5. kapitlet. – Utskriving av skatten.
 - § 14. Eigedomsskattekontoret skriv ut eigedomsskatten.
 - § 15. Eigedomsskattekontoret fører ei eigedomsskatteliste der alle faste eigedomar i kommunen vert førde opp og like eins verdet deira...
 - § 16. Eigedomsskattekontoret kan retta mistak i skatteutskrivinga så lenge skatteåret ikkje er ute. Innan same frist kan det og skriva...
 - § 17. Er det i strid med føresegnene i denne lova ikkje skrive ut eigedomsskatt, eller er det skrive ut for liten skatt av andre grunnar...
 - § 18. Skattekontoret skal gjeva eigedomsskattekontoret alle opplysningar det ligg inne med og som trengst til utskriving av...
6. kapitlet. – Administrativ og rettsleg prøving.
 - § 19. Eigaren (skattyaren) kan klaga på den utskrivne eigedomsskatten. Klaga må gjevast inn skriftleg til eigedomsskattekontoret innan...
 - § 20. Klage etter § 19, første leden, på utskrivne eigedomsskatt vert avgjort av ei nemnd som kommunestyret vel. Kommunestyret kan anten...
 - § 21. Ingen kan vera med i klagenemnda og avgjera ei klage...
 - § 22. Klagenemnda granskar, så langt det trengst, dei ting klaga gjeld.
 - § 23. Føresegnene i ligningsloven § 11-1 nr. 4 og 5 og skattebetalingsloven § 17-1 fjerde og femte ledd gjeld på tilsvarande vis for...
7. kapitlet. – Oppgjerd og innkrevjing.
 - § 24. Eigedomsskatten skal svarast til skatteinnkrevjaren i den kommunen der skatten er utskriven.
 - § 25. Eigedomsskatten skal ytast i terminar så som kommunestyret fastset.
 - § 26. Av eigedomsskatt som ikkje er oppgjort seinast rette betalingsdagen, eller vert betalt attende, skal det svarast rente i samsvar...
 - § 27. Forfalt eigedomsskatt er sikra med lovpant i eigedomen etter pantelova § 6-1. Kravet er også tvangsgrunnlag for utlegg.
8. kapitlet. – Ymse føresegner.
 - § 28. Gjer særlege grunnar at det kom til å verta særs urimeleg om heile eigedomsskatten vart innkravd, kan skatten setjast ned eller...

§ 29. Reglane i likningslova § 3-13 om teiingsplikt gjeld på tilsvarande måte for tenestemenn og nemndmedlemar som er med på å skriva ut...

§ 30. Reglane i § 13 er ikkje til hinder for at det i eigedomsskatt vert utskriva minst det same som sist vart utskriva etter reglane i...

§ 31. Forvaltningslova skal ikkje gjelda for førehaving av saker etter denne lova.

§ 32. Vedkomande departement kan gjeva reglar til utfylling og gjennomføring av lova og fastsetja skjema og liknande som departementet...

§ 33. Denne lova, bortsett frå §§ 8, 9, 17 andre leden, og 18-22 tek til å gjelda 1 januar 1976 og får verknad første gongen ved...

Lov om eigedomsskatt til kommunane [eigedomsskattelova].

Etter § 33 i lova her tok lova (fråsett §§ 8, 9, 17 andre leden og 18-22) til å gjelda 1 jan 1976 med verknad første gongen for eigedomsskatt for skatteåret 1976. – Sjå mellombels tilleggsløv 17 des 1982 nr. 82. – Jf. *tidlegare* skattelover 18 aug 1911 nr. 8 §§ 6-14 for landet og nr. 9 kap. 1 for byane, opphevd med lov 14 mars 1975 nr. 5 (sjå III i lova).

1. kapitlet. – Kva lova gjeld.

§ 1. Eigedomsskatt til kommunane vert utskriven etter reglane i denne lova.

Med skatteår er i lova meint det almanakkåret (budsjettåret) som eigedomsskatten vert utskriven for.

Med eigedomsskattekontoret er meint det kontoret som har med å skriva ut skatten.

§ 2. Kommunestyret avgjer om det skal skrivast ut eigedomsskatt i kommunen.

§ 3. Kommunestyret kan skriva ut eigedomsskatt på anten

- a) faste eigedomar i heile kommunen, eller
- b) faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, eller
- c) berre på verk og bruk i heile kommunen, eller
- d) berre på verk og bruk og annan næringseigedom i heile kommunen, eller
- e) eigedom både under bokstav b og c, eller
- f) eigedom både under bokstav b og d, eller
- g) faste eigedomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringseigedom.

Til kommunen vert rekna sjøområde ut til grunnlinjene.

Endra med lover 28 juni 1996 nr. 47, 16 juni 2006 nr. 25 (f o m skatteåret 2007), sjå dens III, 11 des 2009 nr. 117 (f o m skatteåret 2010), sjå dens III, 10 des 2010 nr. 61 (f o m skatteåret 2011, etter lovas III skal ved utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2011 på næringseigedom skatt på slik eigedom vere skriven ut innan utgangen av juni 2011), 9 des 2011 nr. 47 (f o m skatteåret 2012, etter lovas III skal utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2012 på faste eiendommer i heile kommunen, unntatt verk og bruk og annen næringseiendom, skje innan utgangen av juni 2012).

2. kapitlet. – Skattepliktige eigedomar.

§ 4. Eigedomsskatt vert skriven ut på dei faste eigedomane ut frå tilhøva den 1. januar i skatteåret.

Til faste eigedomar vert rekna bygningar og tomt som høyrer til, huslause grunnstykke som hagar, lykkjer, vassfall, laste-, opplags- eller arbeidstomter, bryggjer og liknande og likeeins verk og bruk og annan næringseigedom. Til verk og bruk vert m.a. rekna fabrikkar, sagbruk, møllebruk, skipsvervar, industrielle verk, og likeeins gruver, steinbrot, fiskevær, saltehus, lenser, utbygde vassfall og vassfallstykke, demningsverk, losse- og lasteplassar og liknande arbeids- og driftsstader. Bygningar og anlegg skal reknast saman med verket eller bruket når dei høyrer til eller trengst til verksdrifta. Arbeidsmaskinar og tilhørsle og ting som kan setjast i klasse med slikt, skal derimot ikkje reknast med utan tingen er ein part av sjølve føretaket. Til annan næringseigedom vert rekna til dømes kontorlokale, parkeringshus, butikk, varelager, hotell, serveringsstad med vidare.

Flytande anlegg i sjø for oppdrett av fisk, skjell, skaldyr og andre marine artar vert jamnstelt med verk og bruk i andre leden, når anlegget har vore stasjonert i kommunen i over 6 månader i året før skatteåret. Eigedomsskatt vert då skriven ut sjølv om anlegget ikkje var stasjonert i kommunen 1. januar i skatteåret. Verdssetjinga av anlegget skjer jamvel etter tilhøva denne datoen. Til slikt anlegg vert rekna dei fysiske installasjonane som merder, flytemodul, føringsmaskin, føringslager, opphaldsrom og sanitæranlegg og liknande, samt anker, lodd og liknande til forankring.

Endra med lover 16 juni 2006 nr. 25 (f o m skatteåret 2007), 12 des 2008 nr. 90 (f o m skatteåret 2009, etter dens III skal eigedomsskatt etter tredje ledd for skatteåret 2009 være skrevet ut innan utgangen av juni 2009), 10 des 2010 nr. 61 (f o m skatteåret 2011, etter lovas III skal ved utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2011 på næringseigedom skatt på slik eigedom vere skriven ut innan utgangen av juni 2011).

§ 5. Fri for eigedomsskatt er:

- a) Eigedom som staten eig, så langt
 - eigedomen vert nytta av Kongen eller kongehuset, Stortinget eller Regjeringa
 - eigedomen vert nytta til kulturelle føremål, slik som idrettsanlegg, musé, teater, skulpturar m.v.
 - eigedomen har historisk bygg eller anlegg
 - eigedomen vert nytta av Forsvaret til forsvarsanlegg eller avgrensa leiområde
 - eigedomen tilhøyrer staten sine samferdselsforetak så langt dei tener almennyttige føremål
 - eigedomen er vassfall, fabrikk eller anna føretak som staten eig og som tener almennyttige føremål
- b) Eigedom som høyrer til jernvegar til ålmenn bruk, så langt og så lenge eigedomen vert nytta i verksemda.
- c) Kyrkjjer.
- d) Eigedomar som kommunen sjølv eig.
- e) Legasjons- og konsulateigedomar som ein annan stat eig, når den andre staten frittek norsk eigedom for tilsvarande skatt hjå seg.
- f) Eigedom som statens lufthamnselskap eig, i same omfang som fritaket for statens eigedom etter bokstav a femte strekpunkt.
- g) Eigedom som helseforetak eig, i same omfang som fritaket for statens eigedom etter bokstav a sjetta strekpunkt.
- h) Eigedom som vert driven som gardsbruk eller skogbruk, herunder gartneri og planteskule tilknytta slik drift.
- i)

Ikke utbygde delar av Finnmarkseiendommen sin grunn i Finnmark fylke. Dette fritaket gjeld likevel ikkje tomteareal, jamvel om arealet ikkje er utbygd enno.

Departementet kan gje nærare regler til utfylling og avgrensing av denne bestemmelsen.

Endra med lover 15 mai 1992 nr. 45, 13 des 2002 nr. 85 (i.kr. 1 jan 2003, etter res. 13 des 2002 nr. 1498), 12 des 2003 nr. 103 (f o m eigedomsskatteåret 2004), 16 juni 2006 nr. 25 (f o m skatteåret 2007), 9 mai 2008 nr. 20 (f o m skatteåret 2007), 12 des 2008 nr. 90 (f o m skatteåret 2009).

§ 6. (Oppheva med lov 15 mai 1992 nr. 45.)

§ 7. Kommunestyret kan fritaka desse eigedomane heilt eller delvis for eigedomsskatt:

- a) Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.
- b) Bygning som har historisk verdi.
- c) Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære. Fritaket kan gjelda i opptil 20 år frå den tida bygningen vart ferdig. Formannskapet eller det utvalet som er nemnt i kommuneloven § 10, kan få fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.
- d) Bygning og grunn i visse luter av kommunen.
- e) - - -

Endra med lover 20 juni 2003 nr. 45 (i.kr. 1 juli 2003, etter res. 20 juni 2003 nr. 712), 16 juni 2006 nr. 25 (f o m skatteåret 2007).

3. kapitlet. – Skattegrunnlaget.

§ 8. Eigedomsskatten skal reknast ut etter verdet (taksten) som eigedomen vert sett i ved likninga året før skatteåret.

Vert det med heimel i § 12, bokstav b, nytta ulike skattøyrrar for bygningar og grunn, skal det fastsetjast særskilde skattegrunnlag for bygningar og for grunn i samband med den likninga som er nemnd i første leden.

Er det klaga på verdsetjinga, eller er verdsetjinga under prøving for domstolane, skal eigedomsskatten likevel reknast ut etter det verdet som vart sett ved likninga. Når spørsmålet er endeleg avgjort, skal skatten rettast i samsvar med den siste avgjerda.

Verdet (taksten) av anlegg som nemnt i skatteloven § 18-5 første leden skal ikkje settast lågare enn kr 0,95/kVh eller høgare enn kr 2,47/kVh av 1/7 1/7 av grunnlaget for anlegget si samla produksjon av elektrisk kraft for inntektsåret og dei seks foregåande åra. Har kraftanlegget vært i drift i færre enn sju år, legges gjennomsnittet for desse åra til grunn for utrekninga.

I.kr. 1 jan 2001 med verknad for anlegg for produksjon av elektrisk kraft, etter res. 17 juli 1998 nr. 613 med endringar 16 okt 1998 nr. 955, 1 des 2000 nr. 1195, 30 nov 2001 nr. 1320 og 27 juni 2003 nr. 799. Sjå § 33 og lov 17 des 1982 nr. 82. Endra med lover 23 juni 2000 nr. 47 (f o m skatteåret 2001), 21 des 2000 nr. 109 (f o m skatteåret 2001), 12 des 2003 nr. 103 (f o m eigedomsskatteåret 2004), 29 juni 2007 nr. 50 (i.kr. 1 jan 2008, etter res. 7 des 2007 nr. 1370), 14 des 2007 nr. 101 (f o m eigedomsskatteåret 2008), 9 des 2011 nr. 47 (for skatteåret 2012). Vert endra med lov 9 des 2011 nr. 47 (f o m skatteåret 2013).

§ 8A. Reglar om kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt for kraftanlegg

Føyd til med lov 15 des 2000 nr. 89 (f o m eigedomsskatteåret 2001).

§ 8A-1. Kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt for kraftanlegg sett i drift pr. 1. januar 2000

(1) Kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt for kraftanlegg med kraftstasjon med installert effekt på eller over 1.000 kW sett i drift pr. 1. januar 1997, skal byggje på plasseringa pr. 1. januar 2000 av slike særskilte driftsmiddel i kraftanlegget som nemnt i § 1-1 andre leden i forskrift av 20. januar 1997 nr. 79 om fastsettelse av skattemessige inngangsverdier pr. 1. januar 1997 for særskilte driftsmiddel i kraftforetak og det fastsette gjenanskaffingsverdet (GAV) for slike driftsmiddel etter reglane i kapittel 2 i same forskrift. Kommunefordelinga av skattegrunnlaget skal skje i same høve som GAV for dei særskilte driftsmiddel i kraftanlegget som ligg i den einskilde kommune, har til samla GAV for alle særskilte driftsmiddel i kraftanlegget. Fordelinga av GAV på dei særskilte driftsmiddel som ligg i kvar kommune, skal byggje på oppgaver frå Norges vassdrags- og energidirektorat og retningslinjer fastsett av departementet. GAV for adkomstane skal ikkje medrekast. GAV for reguleringsanlegg med tilhøyrande driftsmiddel skal fordelast mellom alle kraftanlegg som har kraftstasjonar med installert effekt på eller over 1.000 kW som ligg nedanfor reguleringsanlegget, i høve til registrerte energiekvivalenter registrert hos Norges vassdrags- og energidirektorat for desse kraftstasjonane pr. 1. januar 2000.

(2) Kostpris for investeringar i særskilte driftsmiddel i kraftanlegg som nemnt i første leden og som vart ført i skatterekneskapet første gong for inntektsåret 1997 eller seinare år, skal nyttast som grunnlag for korrigering av den kommunefordeling av skattegrunnlaget som vert fastsett etter første leden. Slik korrigering vert første gong gjennomført med verknad for eigedomsskatteåret 2005.

(3) Ved kommunefordeling av eigedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg med kraftstasjonar med installert effekt på eller over 1.000 kW sett i drift etter 1. januar 1997, med tilhøyrande særskilte driftsmiddel som ikkje vart omfatta av GAV fastsett pr. 1. januar 1997, vert gjenanskaffingsverdet for slike driftsmiddel pr. 1. januar 2000 fastsett av Norges vassdrags- og energidirektorat. Ved fastsettjing av gjenanskaffingsverdet for slike driftsmiddel gjeld reglane i forskrift av 20. januar 1997 nr. 79 om fastsettelse av skattemessige inngangsverdier pr. 1. januar 1997 for særskilte driftsmiddel i kraftforetak, tilsvarende. Reglane i første leden gjeld tilsvarende.

(4) Ved kommunefordeling av eigedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg med kraftstasjonar med installert effekt under 1.000 kW sett i drift pr. 1. januar 2000, gjeld reglane i § 8 A-2 første leden første og andre punktum tilsvarende.

(5) Ved kommunefordeling av eigedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg som nemnt i tredje og fjerde leden, gjeld korrigeringsregelen i andre leden tilsvarende for investeringar som vart ført i skatterekneskapet første gong for inntektsåret 2000 eller seinare år.

(6) Som GAV etter denne paragraf skal reknast dei verdier som vart fastsett av NVE og rapportert i 1997 og i 2001 etter § 2-3 i forskrift av 20. januar 1997 nr. 79 om fastsettelse av skattemessige inngangsverdier pr. 1. januar 1997 for særskilte driftsmiddel i kraftforetak, jf. § 2 nr. 2 i forskrift av 20. desember 2000 nr. 1343 om kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt for kraftanlegg.

Føyd til med lov 15 des 2000 nr. 89 (f o m eigedomsskatteåret 2001), endra med lover 15 juni 2001 nr. 46 (f o m eigedomsskatteåret 2001), 21 des 2001 nr. 104 (f o m eigedomsskatteåret 2001), 20 des 2002 nr. 95, 12 des 2003 nr. 103.

§ 8A-2. Kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt for kraftanlegg sett i drift etter 1. januar 2000

(1) Kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt for kraftanlegg sett i drift etter 1. januar 2000, skal byggje på plasseringa av slike særskilte driftsmiddel i kraftanlegget som nemnt i § 8 A-1 første leden pr. 1. januar i likningsåret. Kommunefordelinga av skattegrunnlaget skal skje i same høve som kostpris for dei særskilte driftsmiddel i kraftanlegget som ligg i den einskilde kommune, har til samla kostpris for alle særskilte driftsmiddel i kraftanlegget. Har slike kraftanlegg kraftstasjonar med installert effekt over

1.000 kW som ligg nedanfor eldre reguleringsanlegg, skal det takast omsyn til reguleringsanlegget med tilhøyrande driftsmiddel med dei verdiar som nemnt i § 8 A-1 første og andre leden.

(2) Kostpris for investeringar i særskilte driftsmiddel som nemnt i § 8 A-1 første leden i seinare inntektsår enn det året då kraftanlegget vart sett i drift, skal nyttast som grunnlag for korrigering av den kommunefordeling som vert fastsett etter første leden.

(3) Reglane i første leden gjeld tilsvarande for fordeling av eigedomsskattegrunnlag fastsett etter skatteloven § 18-5 sjette leden.

Føyd til med lov 15 des 2000 nr. 89 (f o m eigedomsskatteåret 2001).

§ 8A-3. Kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt som verdsetjingsreglar ved utskriving av eigedomsskatt

Kommunar som får tildelt ein andel av eigedomsskattegrunnlag for kraftanlegg etter reglane i §§ 8 A-1 og 8 A-2 skal leggje denne andel til grunn ved utskriving av eigedomsskatt på kraftanlegget.

Føyd til med lov 15 des 2000 nr. 89 (f o m eigedomsskatteåret 2001).

§ 8A-4. Gjennomføringsreglar

Reglane i ligningsloven gjeld tilsvarande så langt dei passer ved fastsetjing av kommunefordeling av eigedomsskattegrunnlag etter reglane i denne lova. Nærmare reglar om utfylling og gjennomføring av denne paragraf vert fastsett av departementet i forskrift.

Føyd til med lov 15 des 2000 nr. 89 (f o m eigedomsskatteåret 2001).

§ 9. Vert ein eigedom riven eller øydelagd før 1 januar i skatteåret, skal det gjevast eit førebels frådrag i skatten etter skjøn. Seinare vert eigedomsskatten utrekna etter det verdet som eigedomen vert sett i ved likninga i skatteåret. Føresegnene i § 8, andre leden, gjeld på tilsvarande måte.

Ikr. 1 jan 2001 med verknad for anlegg for produksjon av elektrisk kraft, etter res. 17 juli 1998 nr. 613 med endringar 16 okt 1998 nr. 955, 1 des 2000 nr. 1195, 30 nov 2001 nr. 1320 og 27 juni 2003 nr. 799. Sjå § 33.

4. kapitlet. – Skattesatser.

§ 10. Kommunestyret fastset kvart år i samband med budsjettet kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for det komande skatteåret.

§ 11. Eigedomsskatten skal vera minst kr 2 og ikkje meir enn kr 7 for kvar kr 1.000 av takstverdet.

Kommunestyret kan fastsetje botnfrådrag i eigedomsskatten for alle sjølvstendige bustaddelar i faste eigedomar som ikkje vert nytta i næringsverksemd.

Endra med lover 5 feb 1993 nr. 28, 16 juni 2006 nr. 25 (f o m skatteåret 2007).

§ 12. Kommunestyret kan fastsetja ulike skattøyre for:

- a) Bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar.
- b) Grunneigedomar som det står hus på, og huslause grunneigedomar.
- c) Bygningar og grunn.
- d) Avgrensa område som nemnde i § 3.
- e) Verk og bruk i område som ikkje er utbygd på byvis, jf. § 4, andre leden, andre og tredje punktum.

Endra med lov 5 feb 1993 nr. 28.

§ 13. Første året det vert utskrive eigedomsskatt i ein kommune, må skatten ikkje vera større enn kr 2 av kvart kr 1.000 av takstverdet. Seinare kan skatten ikkje i noko år aukast med meir enn kr 2 for kvart kr 1.000. Skatten kan likevel aukast med kr 3 for kvart kr 1.000 for huslause grunneigedomar. Skatten kan aukast med kr 3 for kvart kr 1.000 for eigedomar som nemnde i § 12 bokstav a same år som kommunen innfører botnfrådrag i eigedomsskatten. Skattøyret kan ikkje aukast same år som botnfrådrag fell bort. Derimot kan eigedomsskatten setjast ned til dei nemnde minstegrensene frå eit år til det neste utan omsyn til kor høgt skattesatsen er frå før.

Får ein kommune nye grenser, skal reglane i første leden ikkje vera til hinder for at det på eigedomar i område som kjem med i kommunen, vert skrive ut eigedomsskatt etter same satsar som før utvidinga.

Endra med lover 5 feb 1993 nr. 28, 16 juni 2006 nr. 25 (f o m skatteåret 2007).

5. kapitlet. – Utskriving av skatten.

§ 14. Eigedomsskattekontoret skriv ut eigedomsskatten.

Skatten skal så langt råd er, vera utskreven før 1 mars i skatteåret. Første året kommunen nyttar botnfrådrag i eigedomsskatten er det likevel tilstrekkeleg at skatten så langt råd er, vert utskreven før 1. april i skatteåret.

Kvar skattesum skal rundast av nedover til næraste heile krone.

Vert skatten for ein eigedom mindre enn kr. 50, skal det ikkje skrivast ut skatt.

Samstundes med at skattelista vert utlagd (sjå § 15), skal det sendast skattesetel til eigaren (skattyaren).

Endra med lov 5 feb 1993 nr. 28.

§ 15. Eigedomsskattekontoret fører ei eigedomsskatteliste der alle faste eigedomar i kommunen vert førde opp og like eins verdet deira anten dei er skattskyldige eller ikkje. I lista skal og stå kva for skattesatsar som er nytta og kor stor den utskrivne skatten for kvar eigedom er. I ei tilleggliste skal dei eigedomane førast opp som er fritekne for eigedomsskatt heilt eller i nokon mon.

Eigedomsskattelista skal ligga ute til offentleg gjennomsyn i minst 3 veker etter at det er kunngjort at lista er lagd ut.

Avskrift av skattelista vert sendt kommunekasseraren og kommuneettersynet.

§ 16. Eigedomsskattekontoret kan retta mistak i skatteutskrivinga så lenge skatteåret ikkje er ute. Innan same frist kan det og skriva ut skatt på eigedomar det av mistak ikkje er skrive ut skatt på.

Eigaren (skattyaren) skal ha melding om rettingar etter første leden.

§ 17. Er det i strid med føresegnene i denne lova ikkje skrive ut eigedomsskatt, eller er det skrive ut for liten skatt av andre grunnar enn dei som er nemnde i § 16, skal utskrivinga rettast i samsvar med dei skattesatsane og reglane som galdt for vedkomande år.

Når eigedomsskatt ikkje er skriven ut, eller er skriven ut med for låg sum av di verdet er sett for lågt ved likninga, skal utskrivinga rettast berre så langt likninga vert brigda etter kapittel 9 i likningslova.

Når eigedomsskatt ikkje er skriven ut eller er skriven ut med for låg sum av di lova er mistydd eller det er gjort mistak i rettsspørsmål, kan utskrivinga ikkje rettast i andre høve enn dei som er nemnde i førre leden så fram retting går ut over eigaren (skattyaren).

Retten til å retta utskrivinga slik at det går ut over eigaren (skattyaren), er split om retten ikkje vert nytta innan 2 år frå utgangen av det året skatten gjeld for.

Er det skrive ut eigedomsskatt i strid med føresegnene i denne lova, eller er det skrive ut for høg skatt, skal utskrivinga rettast så langt krav på attendebetaling ikkje er foraldra.

Endra med lov 13 juni 1980 nr. 25. – Andre leden ikr. 1 jan 2001 med verknad for anlegg for produksjon av elektrisk kraft, etter res. 17 juli 1998 nr. 613 med endringar 16 okt 1998 nr. 955, 1 des 2000 nr. 1195, 30 nov 2001 nr. 1320 og 27 juni 2003 nr. 799. Sjå § 33.

§ 18. Skattekontoret skal gjeva eigedomsskattekontoret alle opplysningar det ligg inne med og som trengst til utskriving av eigedomsskatten.

lkr. 1 jan 2001 med verknad for anlegg for produksjon av elektrisk kraft, etter res. 17 juli 1998 nr. 613 med endringar 16 okt 1998 nr. 955, 1 des 2000 nr. 1195, 30 nov 2001 nr. 1320 og 27 juni 2003 nr. 799. Sjå § 33. Endra med lov 29 juni 2007 nr. 50 (lkr. 1 jan 2008, etter res. 7 des 2007 nr. 1370).

6. kapitlet. – Administrativ og rettsleg prøving.

§ 19. Eigaren (skattyaren) kan klaga på den utskrivne eigedomsskatten. Klaga må gjevast inn skriftleg til eigedomsskattekontoret innan tre veker frå den dagen det vart kunngjort at eigedomsskattelista var utlagd eller skattesetelen vart send i samsvar med § 14.

Klaga kan ikkje gjelda det verdet som er sett på eigedomen ved likninga.

Er eigedomen bortleigd og skal leigaren svara eigedomsskatten, har leigaren likevel høve til å klaga over det verdet som ligg til grunn for eigedomsskatten. Klaga må vera sett fram for skattekontoret, innan fristen som er nemnd i første leden. Avgjerd i klagesaka får verknad også for formueslikninga åt eigaren.

Endra med lov 29 juni 2007 nr. 50 (lkr. 1 jan 2008, etter res. 7 des 2007 nr. 1370).

§ 20. Klage etter § 19, første leden, på utskrivne eigedomsskatt vert avgjort av ei nemnd som kommunestyret vel. Kommunestyret kan anten oppretta ei eiga nemnd til å ta seg av oppgåvene eller leggja oppgåvene til ei anna kommunal nemnd.

Endra med lov 5 juni 1987 nr. 25.

§ 21. Ingen kan vera med i klagenemnda og avgjera ei klage

- når han eig, har pant i, leiger eller bur til leige på den eigedomen klaga gjeld,
- når han er skyld eller verskyld i opp- eller nedstigande line eller i sideline så nær som sysken med nokon som er i eit slikt høve som nemnd under a,
- når han er eller har vore gift med eller trulova med eller er fosterfar eller fostermor eller fosterbarn til ein eigar,
- når han er verje for nokon som er i eit slikt høve som nemnd under a,
- når han styrer eller er med i styret for eit selskap, eit samvirkeforetak, eit lag, ein sparebank, ei stifting eller ein offentlig skipnad som eig, har pant i, leiger eller bur til leige på eigedomen.

Ein nemndmedlem er like eins ugild når det er til stades andre særlege omstende som er skikka til å veikja tiltrua til at han står fritt.

Nemnda avgjer sjølv om ein nemndmedlem er ugild.

Endra med lover 13 juni 1980 nr. 25, 5 juni 1987 nr. 25, 29 juni 2007 nr. 81 (lkr. 1 jan 2008, etter res. 23 nov 2007 nr. 1287).

§ 22. Klagenemnda granskar, så langt det trengst, dei ting klaga gjeld.

Klaga vert avgjort i orskurd med ei stutt grunngjeving for avgjerda.

Når nemnda har føre ei klage, er sjefen for eigedomsskattekontoret med i drøftingane, men ikkje i avgjerda.

Klagenemnda kan ikkje avgjera ei klage utan minst to nemndmedlemar er med i avgjerda. Står røystene likt, gjer røysta til leiaren utslaget.

Endra med lov 5 juni 1987 nr. 25.

§ 23. Føresegnene i ligningsloven § 11-1 nr. 4 og 5 og skattebetalingsloven § 17-1 fjerde og femte ledd gjeld på tilsvarande vis for søksmål og tvistar for tingretten i sak om tvangsfullføring og mellombels sikring om eigedomsskatt. Kommunen er part i saker om eigedomsskatt.

Endra med lover 20 des 1993 nr. 133, 30 aug 2002 nr. 67 (lkr. 1 jan 2003, etter res. 30 aug 2002 nr. 938), 17 juni 2005 nr. 67 (lkr. 1 jan 2009, etter res. 21 des 2007 nr. 1616).

7. kapitlet. – Oppgjerd og innkrevjing.

§ 24. Eigedomsskatten skal svarast til skatteinnkrevjaren i den kommunen der skatten er utskrivne.

§ 25. Eigedomsskatten skal ytast i terminar så som kommunestyret fastset.

Skatteinnkrevjaren kan i særlege høve gjeva utsetjing.

Eigedomsskatten skal ytast til fastsett tid og med dei summene som først er fastsette, endå om det er sendt inn klage over utskrivinga eller utskrivingsgrunnlaget, eller dei står under prøving for ein klageinstans eller domstolane.

§ 26. Av eigedomsskatt som ikkje er oppgjord seinast rette betalingsdagen, eller vert betalt attende, skal det svarast rente i samsvar med reglar som Kongen gjev.

Endra med lov 12 juni 1987 nr. 42, 21 des 1990 nr. 64.

§ 27. Forfalt eigedomsskatt er sikra med lovpant i eigedomen etter pantelova § 6-1. Kravet er også tvangsgrunnlag for utlegg. Eigedomsskatten kan krevjast inn av kommunekasseraren etter reglane for innkrevjing av skatt.

Endra med lover 8 feb 1980 nr. 2, 26 juni 1992 nr. 86, 17 juni 2005 nr. 67 (ikr. 1 jan 2009, etter res. 21 des 2007 nr. 1616).

8. kapitlet. – Ymse føresegner.

§ 28. Gjer særlege grunnar at det kom til å verta sær surs urimeleg om heile eigedomsskatten vart innkravd, kan skatten setjast ned eller ettergjevast av formannskapet.

Endra med lover 17 juni 2005 nr. 67 (ikr. 1 jan 2009, etter res. 21 des 2007 nr. 1616), 19 juni 2009 nr. 51.

§ 29. Reglane i likningslova § 3-13 om teiingsplikt gjeld på tilsvarende måte for tenestemenn og nemndmedlemar som er med på å skriva ut eigedomsskatt.

Endra med lov 13 juni 1980 nr. 25.

§ 30. Reglane i § 13 er ikkje til hinder for at det i eigedomsskatt vert utskrive minst det same som sist vart utskrive etter reglane i landskattelova.

For Det Kongelege Myntverket skal eigedomsskatten kvart år vera kr. 20.000.

§ 31. Forvaltningslova skal ikkje gjelda for førehaving av saker etter denne lova.

§ 32. Vedkomande departement kan gjeva reglar til utfylling og gjennomføring av lova og fastsetja skjema og liknande som departementet meiner trengst.

§ 33. Denne lova, bortsett frå §§ 8, 9, 17 andre leden, og 18-22 tek til å gjelda 1 januar 1976 og får verknad første gongen ved utlikning- og utrekning av eigedomsskatt for skatteåret 1976. Frå same tid held § 6 i lov frå 11 juli 1947 nr. 8 og lov frå 4 mars 1960 om tillegg til skattelovene for landet og byane frå 18 august 1911 opp å gjelda, sjå likevel andre leden.

§§ 8, 9, 17 andre leden, og 18-22 i denne lova tek til å gjelda frå den tid som vert fastsett av Kongen. Til dei sistnemnde reglane vert sette i kraft, skal føresegnene om fastsetjing av grunnlaget for eigedomsskatten og klage over dette i skattelov for byane frå 18 august 1911 §§ 4, 5 og 9, tredje til sjuande leden, jfr. § 10 i denne lova, og lova frå 4 mars 1960 l, § 2, jfr. § 3, andre leden, i denne lova, slik dei lyder 31 desember 1975, halda fram å gjelda. Det same gjeld for reglar som er eller vert gjevne med heimel i desse føresegnene. Kravet i skattelov for byane § 4 andre leden om at departementet må samtykke til oppnemning av sakkunnig nemnd, og høve til tidlegare taksering enn kvart tiande år etter siste punktum, skal ikkje gjelda.

Kommunestyret kan gjer vedtak om at den siste almenne verdsettjinga for utskrivning av eigedomsskatt, skal gjelde fram til reglane i § 8 vert sette i kraft.

Endra med lover 16 des 1977 nr. 93, 14 des 2007 nr. 101.

§ 4. Enhver eiendoms skatteverdi fastsettes ved taksering. Almindeligg taksering foregår hvert 10de år, medmindre bystyret under særegne forhold beslutter, at ny taksering tidligere skal finne sted. Verdsettelsene skjer på kommunens bekostning ved dertil av bystyret særskilt oppnevnte takstmenn. Under særegne forhold kan bystyret også beslutte, at taksering først skal finne sted senere, dog ikke over 3 år fra den tid, da taksering ordinært skulde ha vært avholdt. Til sådan beslutning utkreves samtykke av vedkommende regjeringsdepartement. Overtakst ved det dobbelte antall på samme måte oppnevnte menn finner sted, når det forlanges av formannskapet eller vedkommende skattyder.

Når særlige grunner foreligger, kan vedkommende departement samtykke i at bystyret oppnevner – istedenfor takstmenn som nevnt i foregående ledd – en sakkynndig nemnd til å ansette skatteverdien på grunnlag av forslag fra ansatte besiktelsesmenn. Disse ansettelser regnes som takst ved anvendelse av reglene i dette kapittel. Klager over ansettelsene avgjøres av en sakkynndig ankenemnd etter forutgående besiktigelse. Departementet kan i disse tilfelle også samtykke i at alminneligg revisjon av ansettelsene foregår oftere enn hvert tiende år.

I tiden mellom de alminneligg eiendomstakseringer skal omverdsettelse skje når det er foregått deling av eiendommen, når de på eiendommen stående bygninger nedrives eller ødelegges av brann eller lignende, og når det på eiendommen er oppført nye bygninger som antas å ha en verdi av minst kr. 10.000.

Formandskapet saavelsom den skattepliktigg har adgang til at forlange særskilt værdsættelse avholdt i tiden mellem de almindeligg eiendomstakseringer i tilfælde, hvor værdien av en eiendom ved indtraadte forandringer anlages at være væsentlig forøket eller formindsket i forhold til andre eiendomme.

Naar begjæring om omværdsættelse fremsættes av den skattepligtigg, har denne at tilsvare omkostningene ved samme. Begjæringen må i tilfelle være framsatt innen 1 nov i året forut for skatteåret.

§ 5. Ved takseringen ansættes eiendommens takstværdi til det beløp, som eiendommen efter sin beskaffenhet, anvendelighet og beliggenhet antages at kunne avhændes for under sædvanlige omsætningsforhold ved frit salg.

Ved værdsættelse av fabrikker og andre industrielle anlæg medtages maskiner og andet, som hører anlægget til og er nødvendigg for anlæggets øiemed. Dog medtages ikke arbeidsmaskiner med tilbehør, eller hvad dermed kan sættes i klasse, som ikke utgjør en integrerende del av anlægget.

§ 9. På faste eiendommer som tilhører Kongsberg Våpenfabrikk og Den Kongeligg Mynt utlignes eiendomsskatt til Kongsberg kommune uten hinder av bestemmelsene i § 7, b. Skatteplikten for våpenfabrikken bortfaller så lenge og i den utstrekning eiendommene disponeres. til kommunale formål.

Verdien av de eiendommer som tilhører Våpenfabrikken fastsettes av en undertakstnemnd på 3 medlemmer. Overtakst kan kreves avholdt av en overtakstnemnd på 5 medlemmer. Medlemmene av de to nemnder oppnevnes av Riksskattestyret.

Takseringen foregår hvert femte år. I mellomtiden kan det kreves ny takst når forholdene i vesentlig grad har endret seg etter at siste takst ble holdt.

Riksskattestyret fastsetter nærmere regler om utførelsen av takseringen, derunder om protokollasjon av takstene.

Utgiftene ved takstene deles likt mellom kommunen og den skattepliktigg. Ved overtakst bæres omkostningene i sin helhet av den som har krevd taksten når utfallet går ham imot eller taksten blir uforandret.

For øvrig gjelder de alminneligg bestemmelser om eiendomsskatt, derunder vedtekter som omhandlet i § 6.

I.

§ 1. Kommunestyret kan treffe vedtak om, at eiendomsskatt til herredet blir å utskrive etter reglene i skattelov for byane av 18 aug 1911. Vedtaket kan gjelde en klart avgrenset del eller flere klart avgrensede deler av herredet. Vedtaket kan også gjøres. gjeldende for hele herredet når kommunestyret finner at forholdene tilsier det. Vedtak som nevnt kan dog ikke gjøres. gjeldende for strøk som er skilt ut som bygningskommune (lov av 22 feb 1924 § 1).

Kommunestyret i en by kan på tilsvarende måte treffe vedtak om at eiendomsskatt blir å utskrive etter reglene i skattelov for landet av 18 aug 1911 på eiendommer som ikke faller inn under lovens § 8b. Vedtaket kan gjelde en klart avgrenset del eller flere klart avgrensede deler av byen. Eiendomsskatten skal i så fall utskrives på det grunnlag som gjaldt ved vedkommende bydels overgang fra herredskommune til bykommune. Ved senere deling av eiendommer fordeler oppmålingsmyndighetene skattegrunnlaget

§ 2. Når vedtak som nevnt i § 1, første ledd, er truffet, må alminnelig taksering, herunder dog ikke mulige overtakster, være avsluttet innen utgangen av juni i det år skatt etter takstverdien første gang skal svares. For område hvor alminnelig eiendomstaksering etter byskatteloven er foretatt tidligere, behøver ny alminnelig taksering ikke å foretas for 10 år etter den eldre taksering.

Databasen sist oppdatert 1. mars 2012